

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Lesa noveller • Analysera noveller • Samtala om karakterar, tema og budskap i noveller og korleis dei framstiller det å vera ung på ulike måtar
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Reading, writing and speaking about the English-speaking world (The USA, Jamaica, Canada) • Lesa og vidareformidla innhald frå amerikanske nyheitsartiklar og diskutera dei
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka Pytagoras-setninga til å finna ukjende sider • Bruka Pytagoras-setninga i praktiske situasjonar • Finna sider i trekantar med vinklar på 30, 60 og 90 grader
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> • Kunne si noe om hva Hei verden-prosjektet går ut på. • Bli bedre kjent med kart over Afrika • Kunne reflektere over levekår og utfordringer i Zambia
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og presentera sentrale trekk ved kristendommen slik det vert formidla gjennom evangelia i Det nye testamentet. • Bli kjent med og vurderer ulike kjelder til kunnskap om Jesus og dei første kristne. • Kunna forklara forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet • Utforska etiske idear knytta til forteljningane om Jesus og evangelia
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurderer sikkerheitstiltaka som er knyta til forsøka • Forklara kva massebevaring i kjemiske reaksjonar går ut på, og kunna avgjera om ei reaksjonslikning er balansert.
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Tekstskrivning. Struktur, emne og innhold.
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Førebuing til munnleg vurdering • Repetisjon av setningsanalyse og kasus • Kunna bruka verb i no- og fortid
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Samtala om korleis me driv kode-bytte i ulike settingar
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna bruke Garageband til å laga filmmusikk, og iMovie til å setje saman film og lyd.
M&H	<ul style="list-style-type: none"> • Vite kva god hygiene er • Me skal lage god og ernæringsrik mat • Me skal lage tradisjonsmat • I teorien skal me lære om bærekraft
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakattedesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på å vera med på varierte rørsleaktivitetar aleine og saman med andre. • Anerkjenna ulikskapane mellom deg sjølv og andre i rørsleaktivitetar, inkludera alle, samarbeida og oppmuntra andre medelevar. <p>TEMA: Badminton og fotball</p>
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Sporlaus ferd

Design	<ul style="list-style-type: none"> • Lino-trykk; kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.
Innsats for andre	<ul style="list-style-type: none"> • Gjera klar til Hei Verden-innsamling
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis kommuniserer me med og gjennom kroppsspråk?

INFORMASJON TIL HEIMEN

Elevbedrift

Takk til alle som kom på elevbedriftsmessa! Me er stolte av elevane på trinnet som laga ei så flott messe.

No skal bedriftene avviklast. Dei får eit par veker på seg til å selje ut varelageret sitt. Elevane skal tilbakebetala eventuelle andelar, gjera ferdig rekneskapet sitt og betala skatt.

Skattepengane går tilbake til elevane i form av felles aktivitetar.

Hei verden

Måndag startar me opp med kick off i aulaen, der ein representant frå Hei verden kjem og informerer om prosjektet. Elevane skal læra om solidaritetsarbeid, Hei verden sitt arbeid og Zambia som er landet me samlar inn pengar til.

Bøsseinnsamlinga me skal ha onsdag 27.november kolliderte med ei samling for konfirmantane i kyrkja, så me har flytta tidspunktet for innsamlinga til kl 17.00-18.30. Då vil dei rekke å få med seg begge deler. Oppmøte i trivselsrommet. Elevar som bur på Hognestad har eigen avtale med lærar.

Ordensreglane

Me har ein del elevar som forlet skuleområdet i matpausen. Det står i ordensreglementet vårt at elevane skal vere på skulen heile skuledagen. Det er problematisk at elevar forsvinn i løpet av dagen utan at me veit kor dei er, då me har ansvar for dei. Me ber dykk om å ta ein samtale om dette heime.

Me minner også om at mobiltelefonar enten skal ligga att heime eller leverast i mobilhotellet. Me veit at mange elevar har mobilen liggande i sekken og lar vere å levera den i mobilhotellet. Fleire av dokke har meldt frå om at mobilen ligg heime, så sjekk at det framleis er tilfelle og gje kontaktlærar beskjed dersom avtalen er endra.

Gudsteneste og adventssamling

Onsdag 18. desember skal BUS arrangera gudsteneste og adventssamling. Elevane i samråd med føresette kan velga kva for eit arrangement dei vil vera med på. Føresette går inn på Visma, og gjer samtykke til om dei skal vera med på gudsteneste. Svarer ein nei til gudsteneste vil elevane vera med på adventssamling på skulen. Svaret de la inn i fjor er enno gjeldande, inntil de eventuelt endrar det.

Helsing oss på 9.trinn

VURDERINGAR	
Veke	Fag, innhald
48	KRLE og norsk: Munnleg innlevering
	Engelsk: Presentasjon og samtale om ei nyheitssak
	Naturfag: Omgrepstest i «Kjemi- stoff og reaksjonar»

HEIMEARBEID VEKE 47	
Norsk	<p>Les i leseboka di i minimum 20 minutt. Lesinga skal førast i bokloggen.</p> <p>Lag eit tokolonnenotat over sentrale omgrep. Lista over dei sentrale omgrepa, ligg på ON, under innhaldsbibliotek. Du skal skrive di eiga forklaring på omgrepa, og du skal vise med eget døme at du har forstått dei. Du kan sjølv velja om du vil skrive dei på ON eller i skriveboka.</p>
Engelsk	<p>Read the instructions and the critiera for the oral assignment on ON.</p> <p>Practice vocabulary</p>
Matematikk	<p>Trapes og Pytagoras-setninga</p> <p>Oppgåveboka s. 65, oppg. 2.151, 2.152 2.153</p> <p>Oppgåveboka s. 74 og 75, oppg. 2.167, 2.168</p>
Samfunnsfag	<p>Bruke Seterra 15 min. til å lære landa i Afrika: https://www.seterra.com</p>
KRLE	<p>Arbeid med podcastepisoden din i serien “Lukasevangeliet på 5 minutt”. Oppgåvetekst på OneNote.</p>
Naturfag	<p>Solaris 9</p> <p>Gjer oppg. 11,12 og 13 s . 60 og 61 i Solaris</p>
Spansk	<p>Skriv seks setningar om kva du skal gjere juleferien.</p>
Tysk	<p>Skriv seks setningar om kva du har gjort i helga</p>
Musikk	<p>Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar. Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du jobbe heime for å henge med.</p>
M&H	<p>I veke 47 skal me lage bollar.</p> <p>I veke 48 og 49 skal me lage julegeit, risengrynsgraut og julekaker.</p> <p>Du må ha innesko, reint forkle og hårstrikk (om du treng det).</p>
Kantine	<p>Møt på kjøkken</p> <p>Hugs iPad, hårstrikk, forkle og innesko</p>
Friluftsliv	<p>Dei som ikkje var på overnattingstur: Møt i klasserommet. Dei som var med på overnattingstur skal avspasera i ufarleg retning☺</p>

HEIMEARBEID VEKE 48	
Norsk	Les i leseboka di i minimum 20 minutt. Lesinga skal loggførast i bokloggen. Les novellen "Eg står her og skal slå opp med ei jente", og svar på oppgåvene til teksten. Link til novella og oppgåvene, ligg på ON under innhaldsbibliotek. Skriv svara dine i skriveboka di.
Engelsk	Prepare for the "Current events – a conversation"- assignment. Practice the follow-up questions.
Matematikk	Pytagoras-setning «Rekna ut hypotenusen» og «Rekna ut ein ukjend katet» Oppgåveboka s. 76-78, oppg. 2.169, 2.170, 2.171 og 2.172
Samfunnsfag	Lekse og læringsmål får du av faglærer på skulen.
KRLE	Innlevering av podcast innan fredag.
Naturfag	Omgrepsprøve i «Kjemi – stoff og reaksjonar». Begrepa finn du på OneNote, naturfag, innhaldsbiblioteket, kjemi – stoff og reaksjonar.
Spansk	Svar på spørsmål om teksten du fekk i timen
Tysk	ON-Heimearbeid-Woche 48. Leksesjekk på torsdag
Musikk	Me jobbar i klasserommet med å laga filmmusikk. Ta med opplada iPad og øyrehøgtalarar . Dersom du ikkje får den progresjonen i timane som lærar forventar, må du jobbe heime for å henge med.
M&H	I veke 48 og 49 skal me lage julegeit, risengrynsgraut og julekaker. Oppskrifter vert delt på ON. Du kan øve heime om du vil. Du må ha innesko, reint forkle og hårstrikk (om du treng det).
Kantine	Møt på kjøkken Hugs iPad, hårstrikk, forkle og innesko
Friluftsliv	Dei som ikkje var på overnattingstur: Møt i klasserommet. Resten: avspasering.